

# Dollsteinen



## FAKTA

<b>Trimpoeng:</b>	7
<b>Høgd over havet:</b>	5 m
<b>Lengd merka løype:</b>	1) 2,0 km      2) 1,1 km
<b>Stigning merka løype:</b>	1) 98 m      2) 122 m
<b>Underlag/terreng:</b>	Torv, fjøresteinar / myr, stein
<b>Signeringar i 2013:</b>	627

## OM STADEN

Den mykje omtalte Dollsteinhola er vide kjend. Trimposten til idrettslaget ligg nær sjøen nedanfor den majestetiske fjellformasjonen, ikkje langt frå inngangen til sjølve hola. Med plasseringa si lengst vest på Sandsøya, har Dollsteinen i uminnelege tider vore eit landemerke for alle som kjem sjøvegen.

## TURALTERNATIV

Den vanlegaste ruta går langs fjøra frå Skare. Om lag **2,0 km** i kupert og variert terreng. Over middels vanskeleg å ta seg fram på grunn av mykje berg og stein – spesielt utfordrande ved vått føre. På turen passerer ein tre mindre grotter; Storegjøtten, Lisjegjøtten og Sandgjøtten. Desse er nokså trygge å utforske også for dei som ikkje har vore her før.

Ei alternativ rute er løypa frå Hellandsvågane over Steinskaret. Frå snuplassen ved enden av grusvegen frå Helland er det **1,1 km** som inkluderer ei markant stigning og ein tilsvarande utforbakke ned til boka.

## BILETE

